



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 46, 15-17.11.2021

Tema:

God psykisk helse i barnehagen

Stad og dato: Askvoll , 17.11.2021

Siv Anita H. Gudvangen
Vurderar

Torunn Åsnes
Vurderar

Ida Fugle
Vurderar (hospitant)

Innhald:

1. Føreord	2
2. Oppsummering	3
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	3
4. Fra vurdering til endring av praksis	4
5. Framtidsbilete	4
6. Vurderingar	6
Kvalitetsmål: Borna	6
Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:	8
Kvalitetsmål: Foreldra	9
Kvalitetsmål: Organisasjonen	11
Kvalitetsmål: Barnehageeigar	13
7. Spørsmål til refleksjon	14
8. Vidare arbeid	15
Vedlegg:	16
Deltakarar i vurderinga	16
Tidsbruk	16
Metodar	17

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene». (Opplæringslova 2015 §2.1)

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast :

“Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen”. (rammeplan 2017:s.38)

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva eininga må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

November 2021

Gøril Fristad & Ida Fugle

Utviklingsleiarar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 92641210/ 95767177

E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no / Ida.Cecilie.fugle@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Vi har desse dagane blitt møtt med tillit og respekt av trygge, tillitsfulle barn og rolege, tilstadeverande vaksne. Vi ser at Nipa barnehage har komme godt i gong med arbeid med psykisk helse i barnehagen, og vi ser att planane i det pedagogiske arbeidet på avdelingane. Dei vaksne er nede på nivå med barna. Dei er kjærlege, men bestemte, og viser ein grunnleggande respekt for barna i barnehagen.

Dei tilsette i barnehagen har arbeidd med arbeidsmiljø og trivsel på jobb, og har utarbeidd mål for arbeidsmiljø som alle føl lojalt opp. Vi får inntrykk av at dei tilsette trivast på jobb, og at det er godt samarbeid.

Som styrar peikar på, er dei no etter fleire år med høgt arbeidspress komme inn i ein periode der dei har meir tid til å følge opp og implementere nye måtar å arbeide på for å fremje psykisk helse i barnehagen både blant barn og tilsette. Å handle i "fredstid" er lurt.

Psykisk helse er eit stort og vidtfemnande tema. Det vil vere føremålstenleg å skaffe seg ein plan for kva som skal vere fokusområde innanfor temaet framover, og kva ein ynskjer seg av fagleg påfyll. Skal ein gå vidt ut og femne breidt, eller tenkje smalare og heller gå i djupna på enkelttema? Dette må Nipa barnehage ta stilling til i arbeidet vidare.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Nipa barnehage er ein to-avdelings barnehage som held til på Atløy.

Barnehagen og Atløy skule held til i same bygg. Vi har eit flott uteområde med skog, fjell, fjære, ballbinge, klatrepark og idrettsbane i nærleiken. Pedagogikken er bygd på fysisk aktivitet og psykisk helse. Det er viktig for oss at borna opplev mestring i barnehagen. Det er viktig at dei har gode dagar med lek og oppleving av samhøyrighet med resten av barnegruppa og dei vaksne som jobbar i barnehagen. Vi vaksne prøver å vere obs på stressfaktorane born kan oppleve i større grupper og vil tilrettelegge slik at ein får ein god balanse mellom lek, kvile, eiga tid og samspel.

Askvoll kommune har ute på høyring ein kommunal plan for sjølvmoordsførebygging.

Barnehagen har hatt mange barn med særskilt behov og utagering dei siste 10 åra, der vi ser det har prega gruppedynamikken til barnegruppene. Det har vore eit stort arbeidspress på personalet og det har vore mange sjukmeldingar. Når vi skulle velje tema vart vi fort einige om at vi vil verte meir bevisst korleis jobbe med psykisk helse. Både i barnegruppa og i personalgruppa. Kva kan vi gjere for barna som fremmar deira psykiske helse? Kva kan vi gjere for kvarandre der vi i varetek den psykiske helsa til alle i kollegiet?

Mange av sjukmeldingane kjem når det er høgt arbeidspress og gjerne om ein får krevjande heimesituasjonar i tillegg. Tiltak som vert sett inn er gjerne når det har gått over til eit «reparasjonsarbeid» i staden for å vere førebyggjande arbeid. Då er ein gjerne komt i ein situasjon der ein ikkje føler ein strekk til verken på jobb eller heimebane. Å jobbe i barnehage veit vi er både fysisk og psykisk krevjande. Vi må sjå kva tiltak og korleis vi kan

jobbe som fremmar muligheita til å gå på jobb og i varetek arbeidstakar sjølv om ein har krevjande heimesituasjonar, er sliten ein dag, eller det er høgt arbeidspress over lengre tid. Frå hausten 2021 har det vore ei barnegruppe med lite særskilte behov og vi føler vi får meir tid til å følgje opp kvar enkelt barn enn vi har hatt på lenge. Men vi tenkjer det kan vere ein fin muligheit å implementere nye måtar å jobbe på som kan fremme psykisk helse i personalgruppa.

Vi gler oss til å komme i gong med arbeidet og håpar det vert ein lærerik prosess.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verktøy for å hjelpe barnehagen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakke med barna, foreldre og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Tema: God psykisk helse i barnehagen

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Borna: Fra rammeplan Barna skal få støtte i å møte motstand, handtere utfordringar og verte kjend med egne og andre sine kjensler. (Rpl s.11)	❖ Barna er trygg nok på vaksne og andre barn til å bruke dei som støttande stillas ❖ Barna får hjelp og støtte til å kjenne att og meistre kjensler ❖ Barna møter vaksne som anerkjenner og bekreftar kjenslene dei har ❖ Barna blir møtte med nærleik og forståing i situasjonar der kjenslene til barna tek overhand
Personalet : God kommunikasjon mellom personalet som styrkar arbeidsmiljøet	❖ Tilsette er flinke til å anerkjenne og rose kvarandre ❖ Alle har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet. Dei tilsette opplever eit godt arbeidsmiljø der alle trivast på jobb og alle er bevisst sitt ansvar for eit godt arbeidsmiljø ❖ Dei tilsette jobbar ut frå planer som er laga i fellesskap slik at alle har eigarskap i planane ❖ Dei tilsette har fokus på korleis tilrettelegge for god psykisk helse både hos barn og kollegaer.
Føresette: Frå rammeplan: Samarbeid mellom heim og barnehage skal alltid ha barnas beste som utgangspunkt. (Rpl s.29)	❖ Foreldre er kjende med korleis barnehagen arbeider med psykisk helse. ❖ Foreldre opplever at dei tilsette ser barnet og deira behov ❖ Foreldre opplever at dei får medverke ❖ Foreldre opplever at dei får god og nok informasjon om sitt barn ❖ Dialogen mellom heim og barnehage er prega av gjensidig respekt og forståing, og felles intensjon om barnets beste.
Barnehagen er ein lærande organisasjon	❖ Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling innan psykisk helse ❖ Barnehagen har ein plan for arbeidet med livsmeistring i barnehagen. ❖ Barnehagen arbeider aktivt for å førebygge belastning hos dei tilsette som kan føre til sjukmelding ❖ Barnehagen nyttar metodisk rolle- og forventingsavklaringar i organisasjonen

Eigar Rammeplan: Barnehageeigar har juridisk ansvar for kvaliteten av barnehagetilbodet. For å gje eit barnehagetilbod av god kvalitet trengst eit kompetent personale (Rpl s.15)	❖ Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å jobbe med kvart einskild born og deira psykisk helse i barnehagen. ❖ Eigar tilbyr kompetanseheving innanfor livsmeistring og psykisk helse hos barn. ❖ Eigar har ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge mot slitasje og sjukdom
--	---

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Borna

Barna er trygge nok på vaksne og andre barn til å bruke dei som støttande stillas.

God praksis:

I Nipa barnehage vert vi møtt av barn som er tillitsfulle og imøtekommande. Vi observerer barn som søker og er trygge på dei vaksne. Barna omgir seg med vaksne som er tett på og sit på golvet med barna. Barna får støtte frå dei vaksne i møte med ulike aktivitetar og i møte med nye personar. Barna seier at dei kan spørre dei vaksne dersom dei ynskjer hjelp. På begge avdelinga er dei vaksne tett på barna slik at barna kan nytte dei som støttande stillas for å mestre oppgaver. På korøving møter barna vaksne fra både barnehage og skule som gir ei hjelpande hand i gjennomføring av dansen. I samlingsstund på storbarn møter barna vaksne som lar barna medskape i eigen barnehagekvardag.

Praksis som kan bli betre:

Personalet kan bryte ned og definere kva Nipa barnehage legg i omgrepet støttande stillas og korleis barn kan vere støttande stillas for kvarandre. Ved at dei vaksne gir barna utfordringar og støtte utover barna si komfortsone, får barna bygge opp si psykiske helse.

Dette kjem fram i observasjonar og intervju.

Barna får hjelp og støtte til å kjenne att og meistre kjensler
Barna møter vaksne som anerkjenner og bekreftar kjenslene dei har

God praksis:

Barna seier at dei kan rope og/eller hente dei vaksne dersom dei trenger hjelp. Barna kan få hjelp til å utføre ulike aktivitetar og komme seg igjennom situasjonar om dei er lei seg eller sinte. Barna får hjelp til å kjenne att kjenslene sine mellom anna ved at det er bilete på

avdelinga og at personalet nyttar konkretar som t.d. bøker om kjensler. Vi ser barn som set ord på kjenslene sine når dei vert lei seg, sinte og glade. Barna møter vaksne som er tett på. I samlingsstund er den vaksne opptatt av korleis barna har det, og barna er opptatt av korleis den vaksne har det. Barna møter vaksne som er varme, tydelege og har trygge rammer rundt barna, slik at barna veit kor dei har dei vaksne. Vi ser at dei vaksne bekrefter barna sine kjensler ved å sette ord på kjenslene barna har. Barna får, og seier sjølv at dei får, trøst av dei vaksne om dei har slått seg og er lei seg. Vi ser at barna får tommel når dei gjer gode handlingar og at barna sjølve bruker tommel opp når dei får til noko.

Praksis som kan bli betre :

Barnehagen kan i det vidare arbeidet med kjenslene utvide det til å gjelde meir enn dei primære kjenslene våre. Barnehagen kan utvide ordforrådet til barna med å navngje kjenslene utover glad - sint- lei seg, trist, osv. Her kan barnehagen nytte følelsesirkel som støtte i arbeidet.

Dette kjem fram i observasjonar og intervju med barn og personale.

Barna blir møtte med nærleik og forståing i situasjonar der kjenslene til barna tek overhand

God praksis:

Barna får støtte fra personale på å sette ord på eigne kjensler. På same tid vert barna utfordra på å sette ord på kva kjensler dei tenkjer andre barn har i ulike situasjonar. Barna seier sjølv at dei kan springe vekk i fra situasjonen dersom dei vert sinte eller dei kan gå til ein vaksen slik at ingen skal slå dei. I intervju med personalet kjem det også fram at dei har jobba med at barna trenger tid og ro dersom kjenslene tek overhand, slik at dei kan snakke om det i ettertid.

Praksis som kan bli betre :

Barna kan med fordel få jobbe med å utvide sitt kjenslerepertoar, altså at dei får eit meir nyansert språk for å forstå og forklare kjenslene, samt å sjå situasjonen frå andre barn sin ståstad.

Dette kjem fram i observasjonar, dokument og intervju av barn og tilsette.

Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:

Tilsette er flinke til å anerkjenne og rose kvarandre

God praksis:

Vi ser og høyrer eit personale som er opptekne av å sjå kvarandre, dei støttar, anerkjenner og rosar kvarandre på ein naturleg måte. Alle tilsette melder at dei får anerkjenning og ros for jobben dei gjer, både frå leiing og medarbeidarar.

Dette kjem fram i observasjonar, intervju med tilsette og dokument.

Alle har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet. Dei tilsette opplever eit godt arbeidsmiljø der alle trivast på jobb og alle er bevisst sitt ansvar for eit godt arbeidsmiljø

God praksis:

Personalet har arbeidd bevisst med å betre arbeidsmiljøet og det viser att i barnehagen. Dei har laga plan for arbeidsmiljøet med mål som er arbeidd fram av alle tilsette. Alle tilsette seier at dei er lojale mot det som er bestemt og føl opp reglane. Alle tilsette melder om at dei er ein del av eit godt arbeidsmiljø, at dei trivast på jobb og at eit godt arbeidsmiljø er eit felles ansvar.

Praksis som kan bli betre :

Arbeidsmiljø er på agendaen no, og det bør haldast vedlike framover som eit fast punkt på personalmøter. Her kan det til dømes nyttast praksisforteljingar eller dialogspel som metode.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Dei tilsette jobbar ut frå planer som er laga i fellesskap slik at alle har eigarskap i planane.

God praksis:

Dei tilsette kjenner godt til årsplanen, og dei seier at alle får komme med innspel og medverke til utarbeiding av til dømes månadsplanar og vekeplanar. Styrar og dei pedagogiske leiarane har det øvste ansvaret for utarbeiding av planane. Fagarbeidarar og assistentar har også avsett tid til planlegging og får ansvar for til dømes planlegging av aktivitetar eller turar. Barnehagen har synlege planar på tvers av avdelingane.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Dei tilsette har fokus på korleis tilrettelegge for god psykisk helse både hos barn og kollegaer.

God praksis:

Alle tilsette fortel at dei har fokus på å tilrettelegge for god psykisk helse hos barn og medarbeidarar. I planane til barnehagen ser vi at dette er eit fokusområde, og korleis barnehagen arbeider med dette i barnegruppene. Barnehagen har og har hatt fokus på tryggleik og trivsel for barn og tilsette.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen kan med fordel definere og konkretisere kva psykisk helse er, og kva det betyr for Nipa barnehage. Ein plan for kva som skal vere fokusområde innanfor temaet framover kan vere føremålstenleg.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Kvalitetsmål: Foreldra

Foreldra er kjende med korleis barnehagen arbeider med psykisk helse.

God praksis:

Foreldre har i forkant av ekstern vurdering fått informasjon på foreldremøte, på facebook og i årsplan at barnehagen skal arbeide med tema psykisk helse. I månadsbrev kjem det fram kva kjensler barnehagen har i fokus og kva bøker dei lesar med tanke på tema om psykisk helse.

Praksis som kan bli betre :

Arbeidet med psykisk helse er i startgropa så barnehagen må opprette holde trykket på og informerer foreldre om prosessen og kva dei har fokus på vidare gjennom barnehageåret.

Dette kjem fram i dokument og foreldremøte.

Foreldra opplever at dei tilsette ser barnet og deira behov

God praksis:

Foreldre seier at dei opplever at dei tilsette ser barna deira og kva behov den enkelte har. Barnehagen har fokus på at dei skal inkluderer foreldre og informerer dei undervegs i

prosessen slik at det er kjent innhald som kjem fram på foreldresamtalar. Foreldre seier at dei kjenner igjen barna slik barnehagen beskriver barna sine behov.

Praksis som kan bli betre

Foreldre kan med fordel få meir innsyn i kvifor barnehagen vel og organiserer seg slik dei gjer med tanke på struktur knytt til barnegruppene. Barnehagen kan med fordel samarbeide meir tverrfagleg med helsestasjon med tanke på barn med ekstra behov.

Dette kjem fram i foreldremøte, observasjoner, intervju og foreldreundersøking.

Foreldra opplever at dei får medverke

God praksis:

Foreldre opplever at dei kan medverke og at det er opp til foreldre kor mykje dei vil involvere seg. Barnehagen legger opp til foreldresamtalar og foreldremøter der foreldre kan delta. Foreldre kan også medverke via FAU. I årsplan legger barnehagen opp til at foreldre kan medverke på inkludering gjennom fokus på kva dei også gjere på fritida med barna "It takes a village to raise a child".

Dette kjem fram i dokument, foreldremøte, intervju med tilsette og foreldreundersøking

Foreldra opplever at dei får god og nok informasjon om sitt barn
--

God praksis

I foreldresamtaler og ved levering og henting får foreldre informasjon om sitt barn."Vi opplever at bhg er på med informasjon. Dei springer etter oss med informasjon!" sitat foreldremøte. Foreldre seier at tilsette fortel om både gode og mindre gode episodar fra dagen. På foreldremøte hausten 2021 vart det utarbeidd forventningsavklaring for hente- og leveringssituasjonar der både foreldre og tilsette har deltatt i arbeidet. Foreldre får god informasjon gjennom månadsbrev og statusoppdateringar.

Praksis som kan bli betre:

Det er eit ønske fra foreldre at ein nyttar ein sikrare informasjonskanal enn facebook. Barnehagen kan med fordel ta i bruk visma app snarast mogleg og la all informasjon gå via visma.

Dette kjem fram i dokument, foreldremøte, intervju med tilsette og foreldreundersøking.

Dialogen mellom heim og barnehage er prega av gjensidig respekt og forståing, og felles intensjon om barnets beste.

God praksis:

Både føresette og tilsette opplever at dialogen mellom heim og barnehage er god, og prega av gjensidig respekt og forståing, og at heim og barnehage har ein felles intensjon om barnet sitt beste.

Dette kjem fram i foreldremøte, intervju med tilsette og foreldreundersøking.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling innan psykisk helse

God praksis:

Barnehagen har sett av tid og rom på planleggingsdagar og personalmøter til arbeid med psykisk helse i barnehagen. Det er ein aktiv delingskultur i personalet, og dei delar artiklar og korte videoar som er aktuelle for temaet. Alle tilsetet, også fagarbeidarar og assistentar har plantid som kan brukast til fagleg utvikling. Alle dei tilsette var veldig fornøgde med føredrag av Jan Spurkeland på fagdagen no i haust og ønskjer seg meir av dette.

Praksis som kan bli betre:

Psykisk helse er eit stort og vidtfemnande tema. Det kan vere føremålstenleg å skaffe seg ein plan for kva som skal vere fokusområde innanfor temaet framover, og kva ein ynskjer seg av fagleg påfyll. Barnehagen kan få til samarbeid med ulike samarbeidspartnarar, som helsestasjon og PPT.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Barnehagen har ein plan for arbeidet med livsmeistring i barnehagen.

God praksis:

Nipa barnehage har ein årsplan som viser at det vert arbeidd med psykisk helse og livsmeistring i barnehagen. Årsplanen viser ein god modell for relasjonar. Rammeplan for barnehagen og årsplanen ligg til grunn for dei øvrige planane til barnehagen og det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Praksis som kan bli betre:

Årsplanen kunne med fordel vore meir konkret i korleis det vert arbeidd med psykisk helse og livsmeistring i barnehagen. Den kunne til dømes vist tydelegare kva metodar som vert nytta i det pedagogiske arbeidet og kva som er fokus.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Barnehagen arbeider aktivt for å førebygge belastning hos dei tilsette som kan føre til sjukmelding

God praksis:

Barnehagen har utarbeidd mål for arbeidsmiljøet og arbeider for eit godt arbeidsmiljø kontinuerleg. Alle tilsette fortel at dei kan snakke med kvarandre, og at det skal vere låg terskel for å ta opp ting med styrar dersom dei kjenner at arbeidsbelastninga vert for stor, og at det kan gjerast tilrettelegging. Barnehagen har verneombod saman med Atløy skule og har jamlege vernerunder.

Praksis som kan bli betre :

Barnehagen har høve til å nytte teneste hos bedriftshelsetenesta. Det kan vere nyttig å involvere bedriftshelsetenesta meir for å førebygge belastning hos dei tilsette.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og dokument.

Barnehagen nyttar metodisk rolle- og forventningsavklaringar i organisasjonen

God praksis:

Alle tilsette har fått stillingsinstruks og dette har vore tema på personalmøte.

Praksis som kan bli betre:

Stillingsinstruks er noko som alle tilsette fortel om, men forventningsavklaring verkar ikkje å vere noko som vert nytta metodisk i organisasjonen. Det kan vere føremålstenleg for barnehagen å nytte forventningsavklaring som metode i arbeidet med arbeidsmiljø. Kva forventningar har styrar til pedagogane og fagarbeidarane/assistentane? Og omvendt?

Dette kjem fram i intervju med tilsette og dokument

Kvalitetsmål: Barnehageeigar

Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å jobbe med kvart einskild born og deira psykisk helse i barnehagen.

God praksis:

Eigar føl bemanningsnorm i barnehagen, men har samstundes valt å satse på to-pedagog-system i barnehagane og har no 50% pedagogdekning i kommunen. . Styrarressursen er auka frå 40% til 60% i dei mindre barnehagane, slik at styrarane skal ha meir tid til å følge opp til dømes HMS-planar mm.

Praksis som kan bli betre :

Bemanningsnorma legg føringar for kor mange barn det skal vere per vaksen. Det må arbeidast systematisk med å få bemanningsnorma til å gjelde heile opningstida til barnehagane. Dette er eit politisk spørsmål som må løysast på høgare nivå enn kommuneplan.

Dette kjem fram i dokument og intervju med barnehageeigar.

Eigar tilbyr kompetanseheving innanfor livsmeistring og psykisk helse hos barn.

God praksis:

Leiarar i skular og barnehagar i kommunen var tidleg ute med deltaking på Inkluderande barnehage - og skulemiljø, som har fokus på barna si psykiske helse. Barnehagane får tilbud om felles fagdagar som er knytt mot tema barnehagen arbeider med. På leiarnivå vert det lagt opp administrative møter og leiarsamling i Hafs der ein blant anna har psykisk helse og livsmestring som tema.

Praksis som kan bli betre :

Eigar kan med fordel sikre at nye leiarar vert inkludert i opplæringa som har vore tidlegare, til dømes når det gjeld inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Dette kjem fram i dokument og intervju med barnehageeigar.

Eigar har ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge slitasje og sjukdom

God praksis:

Eigar har rutinar for gjennomføring av medarbeidersamtalar og medarbeiderundersøking. Samt at kommunen har samarbeid med bedriftshelsetjenesta som ved behov kan vere tilgjengelege for barnehagen. Det er plan for utarbeiding av HMS plan og gjennomføring av verneunder. Tilsette kan nytte seg av verneombud som skal ha fokus på arbeidsmiljøet.

Praksis som kan bli betre :

Det finst fleire system for oppfølging av tilsette, men det er ulik grad av kor kjent dette er for alle medarbeidarane og i kor stor grad det vert brukt. Det bør gjerast kjent for alle tilsette Det kjem fram at bedriftshelsetjenesta har vore inne men det kan med fordel gjerast meir kjent korleis til dømes verneombod og bedriftshelsetenesta kan brukast i det førebyggjande arbeidet i barnehagen. Som nevnte i tidlegare punkt kan ein også her ha forventningsavklaringar til både verneombud, tillitavalde og arbeidstakarar.

Dette kjem fram i dokument og intervju med tilsette og barnehageeigar.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barna	Kan ein utvide barna sitt repertoar når det gjeld å kjenne att og meistre kjensler utover primærkjenslene? T.d. bruke Putkins følelsehjul.
Tilsette	Støttande stilas kontra krykker. - Korleis vere i forkant, men samstundes gje utfordringar og erfaringar med det som ikkje er kjent for barna - kortid skal ein sleppe opp?- kva er neste steg. -Korleis gje barna robustheit? Nytte dialogspel, praksisforteljingar, case på personalmøter? Jobbe i fredstid - alle eit ansvar , kva kultur vil de ha ?
Foreldre	Sikre at ein får ut god -og nok- informasjon til foreldre med til dømes grunngjeving for gruppesamansetnad.
Barnehagen	Plan for fagleg utvikling. Kva retning/fokusområde skal ein ha framover? T.d.relasjonar, inkludering, arbeidsmiljø, tryggleiksirkelen, vaksenrolle? Bedriftshelsetenesta - førebygging innanfor psykisk og fysisk helse
Barnehageeigar	Korleis sikre at nye leiarar vert inkluderte i opplæring /utviklingsarbeid som har vore tidlegare. Korleis gjere dei tilsette kjende med systema som finst for til dømes avvikshandtering, verneombod og bedriftshelseteneste. Kven skal ha ansvar for at dei tilsette får informasjon/opplæring?

8. Vidare arbeid

Innan to veker etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Barn, tilsette, eigar og foreldre
Eksterne: Vurderarar frå vurderarnettverket i HAFS

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Veke	Tiltak	Ansvar
Veke 24	Oppstartsmøte med barnehagen og utviklingsrettleiar Vurderarane vert kopla på	
Veke 34	Barnehagen sender utkast/start framtidsbilete	
Veke 36	Vurderarar gjev tilbakemelding på utkast framtidsbilete	
Veke 37	Vurderarane møter barnehagen Arbeid med framtidsbilete Styrar sender relevante dokument (utviklingsplanar, årsplanar, månadsvekesplanar ol.) til vurderarane	
Veke 43:	Barnehagen godkjenner framtidsbilete Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Barnehagen sender ut innbydinga saman med framtidsbilete. Barnehagen inviterer også tilsette, elevråd, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT? Og oppvekstsjef til presentasjon av rapport siste vurderingsdag	
Veke 44:	Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbilete Styrar sender desse tekstane til	

	vurderarane (skal limast inn i rapporten): - Presentasjon av barnehagen - Bakgrunn for val av vurderingstema Styrar lagar plan for intervju med tilsette og barn	
Veke 46:	Mandag til onsdag vurdering	

Tidsplan:

Mandag:	Samtale med leiar om organisering og praktisk gjennomføring av vurderingsveka Observasjonar i barnegruppene Samtalar med dei tilsette og leiar. Foreldremøte
Tirsdag:	Observasjonar i barnegruppene Samtalar med barna Observasjonar i barnegruppene Samtale med tilsette Skrive rapport frå ca 15
Onsdag:	Samtale med barnehageeigar Skrive rapport Sende rapport på e-post til leiar for gjennomlesing kl 14 Samtale med leiar om rapporten kl 14.30-15.15 Fremlegg av rapport for tilsette, eigarrepresentant og foreldrerådsleiar kl 16.45

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Foreldreundersøkinga (UDIR) 2020

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Foreldremøte

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for tilsette

Samtaleguide for barn

Samtaleguide for leiinga (styrar)

Spørsmål til føresette

Samtaleguide til eigar

Observasjonsskjema

Samtaleguide for tilsette, Nipa barnehage - november 2021

- 1) Kva legg de i omgrepet støttande stillas ?
- 2) Korleis gir du barn støtte og hjelp til å kjenne att og meistre kjensler ?
- 3) Korleis bekreftar og anerkjenner du barna sine kjensler ?
- 4) korleis møter du barn i situasjonar der kjenslene tek overhand ?
- 5) Korleis anerkjenner og rosar du medarbeidarane dine ?
- 6) Korleis opplever du at medarbeidarane og leiinga rosar og anerkjenner deg?
- 7) Korleis vil du beskrive arbeidsmiljøet i barnehagen ?
- 8) Har de ei felles forståing for korleis arbeidsmiljøet skal vere i barnehagen?
Korleis har de komme fram til det?
- 9) Korleis bidreg du til eit godt arbeidsmiljø ?
- 10) Korleis føregår planarbeidet i barnehagen ?
- 11) Korleis bidreg du til planarbeidet i barnehagen ?
- 12) Korleis tilrettelegg du for god psykisk helse i barnehagen? For barna? For dei tilsette?
- 13) korleis vil du beskrive dialogen mellom heim og barnehage?
- 14) Er det sett av nok tid og rom til fagleg utvikling innan psykisk helse?
- 15) Har barnehagen ein plan for arbeidet med livsmeistring i barnehagen?
Kjenner du til planen?
- 16) Korleis arbeider barnehagen for å førebygge belastningar som kan føre til slitasje og sjukdom?
- 17) I kva grad nyttar barnehagen rolle- og forventningsavklaringar i barnehagen?
Gje døme?
- 18) I kva grad vil du seie at eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å arbeide med psykisk helse i barnehagen?

- 19) *Får du tilbod om kompetanseheving innanfor leivsmestring og psykisk helse hos barn?*
- 20) *Kjenner du til om eigar har ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge slitasje og sjukdom?*

Samtaleguide for barn, Nipa barnehage - november 2021

1. *Korleis har du det i barnehagen ?*
2. *Kva liker du å gjere i barnehagen ?*
3. *Snakkar de om følelsar i barnehagen?*
4. *Kva gjer du viss du er lei deg ?*
5. *Kva gjer du om trenger hjelp til noko ?*
6. *Kva gjer dei vaksne om barn griner/har slått seg ?*
7. *Kva seier dei vaksne når du har gjort noko fint mot andre/hjelp andre ?*
8. *Viss du vert sint - kva gjer du da ?*
9. *Kva seier dei vaksne om du eller nokon andre er sinte?*
10. *Korleis skal de vere med kvarandre i barnehagen ?*
11. *Kva gjer dei vaksne når nokre barn kranglar ?*
12. *Korleis trur du at dei vaksne har det i barnehagen ?*

Samtaleguide for leiinga (styrar):

1. *Kva legg du i omgrepet støttande stillas?*
2. *Korleis gir du barn støtte og hjelp til å kjenne att og meistre kjensler?*
3. *Korleis bekreftar og anerkjenner du barna sine kjensler?*
4. *Korleis møter du barn i situasjonar der kjenslene tek overhand?*
5. *Korleis anerkjenner og rosar du medarbeidarane dine?*
6. *Korleis gir du anerkjenning og ros til medarbeidarane dine?*
7. *Får du ros/anerkjennelse fra dine medarbeidera ?*
8. *Har dei tilsette ei felles forståing av korleis arbeidsmiljøet skal vere i barnehagen? Korleis har de komme fram til det?*
9. *Korleis vil du beskrive arbeidsmiljøet i barnehagen?*
10. *Korleis bidreg du til eit godt arbeidsmiljø?*
11. *Korleis føregår planarbeidet i barnehagen?*
12. *Korleis bidreg du til planarbeidet i barnehagen?*
13. *Korleis tilrettelegg du for god psykisk helse i barnehagen? For barna? For dei tilsette?*
14. *Korleis vil du beskrive dialogen mellom heim og barnehage?*
15. *Er det sett av nok tid og rom til fagleg utvikling innan psykisk helse?*
16. *I kva grad er arbeidsmiljøet i barnehagen tema for drøfting?*
17. *Har barnehagen ein plan for arbeidet med livsmestring i barnehagen? Kjenner du til planen?*

18. *Korleis arbeider barnehagen for å førebygge belastningar som kan føre til slitasje og sjukdom?*
19. *I kva grad nyttar barnehagen rolle- og forventningsavklaringar i barnehagen?
Gje døme?*
20. *I kva grad vil du seie at eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å arbeide med psykisk helse i barnehagen?*
21. *Får du tilbod om kompetanseheving innanfor livsmestring og psykisk helse hos barn?*
22. *Kjenner du til om eigar har ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge slitasje og sjukdom?*

Spørsmål til foreldremøte i samband med ekstern vurdering

I samband med den eksterne vurderinga i Nipa barnehage ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Vi har tatt utgangspunkt i framtidsbiletet når vi har laga spørsmåla, og særleg med tanke på kvalitetsmålet som seier at barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna felles verdier og normer.

1. På kva måte opplever dere som føresette at dei tilsette ser kvart enkelt barn sitt behov ?
2. I kva grad opplever dere at barnehage og føresette har samme intensjon om kva som er barna sitt beste?
3. På kva måte medverkar dere som føresette på innhaldet i barnehagen
4. Korleis foregår kommunikasjonen mellom heim og barnehage ?
5. Gjennom dei informasjonskanalar som er, i kva grad opplever dere som føresette at dere får god og nok informasjon om dykkar barn ? Kva kunne evt vore annleis ?
6. Kva informasjon har dere som føresette fått når det gjelder tema psykisk helse og korleis barnehagen arbeider med dette ?

Samtaleguide barnehageeigar

1. Korleis legg barnehageeigar til rette for at barnehagane skal arbeide med psykisk helse? Når det gjeld barna? Når det gjeld tilsette?
2. I kva grad vil du seie at eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å arbeide med psykisk helse i barnehagane?
3. Korleis bidreg barnehageeigar når det gjeld kompetanseheving innanfor livsmestring og psykisk helse hos barn?

4. Har barnehageeigar ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge slitasje og sjukdom? Finnast det ein plan for sjølvmondsførebygging i kommunen ?

Observasjonsskjema

Barna er trygge nok på vaksne og andre barn til å bruke dei som støttande stillas	Barna får hjelp og støtte til å kjenne att og meistre kjensler
Barna møter vaksne som anerkjenner og bekreftar kjenslene dei har	Barna blir møtte med nærleik og forståing i situasjonar der kjenslene til barna tek overhand
Tilsette er flinke til å anerkjenne og rose kvarandre	Alle har eit felles ansvar for arbeidsmiljøet. Dei tilsette opplever eit godt arbeidsmiljø der alle trivast på jobb og alle er bevisst sitt ansvar for eit godt arbeidsmiljø
Dei tilsette jobbar ut frå planer som er laga i fellesskap slik at alle har eigarskap i planane	Dei tilsette har fokus på korleis tilrettelegge for god psykisk helse både hos barn og kollegaer.
Foreldra er kjende med korleis barnehagen arbeider med psykisk helse.	Foreldra opplever at dei tilsette ser barnet og deira behov
Foreldra opplever at dei får medverke	Foreldra opplever at dei får god og nok informasjon om sitt barn
Dialogen mellom heim og barnehage er prega av gjensidig respekt og forståing, og felles intensjon om barnets beste.	Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling innan psykisk helse
Barnehagen har ein plan for arbeidet med livsmeistring i barnehagen.	Barnehagen arbeider aktivt for å førebygge belastning hos dei tilsette som kan føre til sjukmelding
Barnehagen nyttar metodisk rolle- og forventingsavklaringar i organisasjonen	Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar for å jobbe med kvart einskild born og deira psykisk helse i barnehagen.

Eigar tilbyr kompetanseheving innanfor livsmeistring og psykisk helse hos barn	Eigar har ein tiltaksplan for oppfølging av tilsette for å førebygge slitasje og sjukdom
--	--